

Til
Ål Kommune
Servicetorget
3570 Ål.

SØKNAD OM AMBULERANDE SKJENKELØYVE TIL SLUTTA SELSKAP

Søkjær sitt navn: _____

Adresse: _____ Stad: _____

Navn på lokale: _____

Dato for arrangementet: _____

Kva for arrangement: _____

Kva søkjer du løyve til: Skjenking i Gruppe 1, gruppe 2, gruppe 3. (Stryk det som ikkje høver)

Skjenketid: _____

Antal deltakarar: _____

Skjenkestyrar sitt navn: _____

Eg har lese retningsliner for skjenking av alkoholhaldig drikk i høve til ambulerande skjenkeløyve trykt på baksida, og vil rette meg etter desse.

Dato og søkjær si underskrift

Før administrasjonen:

Rådmannen har delegert mynde til å gjera vedtak i slike saker.

Rådmannen godkjenner søknaden/godkjenner ikkje søknaden.

Grunngjeving av eventuelt avslag:

Avgift for ambulerande skjenkeløyve - **kr. 250,-** vil bli fakturert frå Ål kommune.

Ål, den / -200

Kopi til: Lensmannen i Ål, skjenkekontrollen, Formannskapet

I alkoholoven § 4-2 står følgjande:

Med “slutta selskap” forstår ein at det allereie før skjenkingen startar er danna ein slutta krets av bestemte personar som skal samlast for eit bestemt formål i eit bestemt lokale på skjenkestaden.

Retningsliner for skjenking av alkoholhaldig drikk i høve til ambulerande skjenkeløyve.

Løyvehavar er ansvarleg for at skjenking av alkoholhaldig drikk føregår på ein slik måte at reglane i gjeldande lov og forskrift vert overhalde, og at alkoholpolitiske hensyn vert ivareteke. Løyvehavar må fyrst og fremst påsjå at det ikkje vert skjenka alkoholhaldig drikk til for unge og/eller synleg rusa personar, og at det ikkje vert skjenka ut over tillatt skjenketid slik denne er fastsett i løyvet.

Ambulerande skjenkeløyve kan ikkje gjevast til bruk i lokaler som allereie har ordinært skjenkeløyve. Utviding av eksisterande skjenkeløyve i gruppe 1 og gruppe 2 til og å gjelde for gruppe 3 ved spesielle høve kan berre gjevast til den som opprinneleg har skjenkeløyve i gruppe 1 og 2 i dei same lokala.

Desse reglane gjeld for skjenkinga:

- Skjenking i Gruppe 3 til person under 20 år og skjenking til person under 18 år av annan alkoholhaldig drikk i gruppe 1 og 2, må ikkje skje. Dei same aldersgrensene gjeld for den som er skjenkestyrar.
- Alkoholhaldig drikk må ikkje skjenkast til synleg rusa person eller på ein slik måte at ein gjest må antas å bli synleg rusa.
- Ein må påsjå at gjester ikkje nyt medbrakt alkoholvarer, og at dei ikkje tek med seg alkoholvarer når dei forlet skjenkelokalet. Løyvehavar pliktar å ha kontroll med all bruk av alkohol i det arrangementet løyvet gjeld for.

Dei kommunale skjenkekontrollørane kan føreta kontroll ved uanmeldt besøk. Kontrollørane vil forevise legitimasjon, og dei kan opphalde seg i skjenkelokalet så lenge dette er naudsynt for å observere om det finn stad brudd på skjenkereglane.

Skjenketid:

Ål kommunestyre vedtok i kommunestyresak nr. 46/00 at generell skjenketid for øl, vin og brennevin er inntil kl 02.00.